



Dagny Haugland nedunder Skårhaug har berre eitt husdyr, men det er heller sjeldent på våre kantar. Det er ei skilpadde! Dagny antar at det er ein hann, men desto sikrare er ho på alderen. Den er 39! Det er ingen alder for ei skilpadde og Dagny har eit begrunna håp om at han blir minst 100.

- Det var då 14 år gamle dottera Edith som kjøpte den framleis udøypte skilpadda på Norsk Frø i Bergen like før skulestart for 39 år sidan, hugsar Dagny.

Sidan har den rundt 20 centimeter lange krabaten vore ein kjær husvenn som kan sjå fram til framleis gode dagar. Om vinteren kravlar han rundt på stovegolvet medan han om sumaren er i ei lita innhegning ute.

Sjølv om aksjonsradiusen ikkje er så stor, har det hendt han har stukke av og vorte funne att heilt borte ved busslomma.. Det må vera noko slikt som 400 meter unna. Kanskje han var på veg til skulen der han har vore presentert fleire gonger? Han har ein viss evne til å grava seg ned, som sine større slektingar

Dyret er rimeleg i drift. Livretten er agurk, men ellers går det mest i gras

om sommaren.

Skårhaug-skilpadda er medlem av ein imponerande familie, som har rundt rekna 250 artar. Dei tyngste skilpaddane kan vega opptil 250 kilo medan dei minste er berre 6-7 centimeter lange.

Dei er hardføre, Dagny kan ikkje hugse at husdyret hennes har skranta ein einaste gong.

-Men han seier ikkje så mykje, det innskrenkar seg til eit lite sukk, seier Dagny.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



